

## **Serviceerklæring for førstelinerettshjelpa**

### **Føremål**

Førstelinerettshjelpa gir juridisk rettleiing og råd til privatpersonar. Ordninga er eit prøveprosjekt i regi av Justisdepartementet. Departementet brukar prosjektet for å vurdera om og korleis denne tenesta kan verta etablert over heile landet.

### **Kven kan få tenesta?**

Alle som bur i kommunen kan bruka førstelinerettshjelpa.

Du kan kome til førstelinerettshjelpa med alle typar juridiske spørsmål, bortsett frå spørsmål om straff og spørsmål frå sjølvstendig næringsdrivande om eiga næringsverksemd.

Den offentlege forvaltninga har plikt til å gi vegleiing innanfor sine saksområde. Viss problemet ditt kan løysast ved å få slik vegleiing, kan du ikkje nytta førstelinerettshjelpa.

### **Tenesta sitt innhald**

Førstelinetenesta gir deg ein samtale med ein advokat eller rettshjelpar i inntil 30 min. Tilbodet er gratis, og vert gitt ein gong pr person pr år. Du kan få hjelp til:

- å finna ut om spørsmålet eller problemet er juridisk, og om det er noko å gå vidare med
- å finna fram til informasjon om lovar og reglar
- å løyse problemet eller spørsmålet viss advokaten/rettshjelparen meiner at det kan gjerast på forsvarleg vis innanfor den tida som er til disposisjon
- å finna ut kor du kan venda deg for å få hjelp viss problemet eller spørsmålet ditt ikkje kan løysast på staden, og kva det i tilfelle kan koma til å kosta

Viss du ønskjer å gå vidare med saka etter å ha snakka med advokaten/rettshjelparen, står du fritt til å vele den advokaten/rettshjelparen du måtte ønskje. Dette vil ikkje vere omfatta av ordninga.

### **Tips før du kjem til timen**

For at du skal få brukt tida med advokaten/rettshjelparen på ein god måte, er det lurt å vere førebudd. Du kan til dømes tenkja igjennom kva for informasjon du trur det kan vera bruk for. Du kan òg setje opp ei liste over kva som har skjedd, gjerne med datoar. Det vil gjera det lettare for deg å presentera spørsmålet ditt.

Ta med deg alle dokument du meiner har innverknad, som til dømes avtalar, skjema eller brev – desse vil du få attende etter samtala.

### **Tilgjenge**

*Førstelinerettshjelpa har fast kontordag i Klepp rådhus kvar måndag frå kl 13.00 til kl 15.00*

*For å få time hos advokat/rettshjelpar, kan du venda deg til ekspedisjonen i Rådhuset, eller på telefon 51429800.*

### **Prøveordning**

Førstelinerettshjelpa er ei prøveordning som skal gi Justisdepartementet grunnlag for å vurdera om og korleis tenesta bør verta etablert som ei permanent ordning. Til dette trengst statistikk. Advokaten/rettshjelparen vil derfor fylla ut eit skjema i samband med samtala. Skjemaet vil innehalda opplysningar om kva saka gjaldt, og visse anonyme opplysningar om deg. Skjemaet vil berre bli brukt til statistiske føremål og inneheld ikkje namnet ditt. Du vil òg bli beden om å fylla ut eit anonymt skjema etter samtala. I tillegg kan du bli kontakta på eit seinare tidspunkt med spørsmål om å ta del i ei spørjeundersøking om tenesta. Det er frivillig å delta i undersøkinga.

**Kvalitet**

Advokatane/rettshjelparane i Førstelinerettshjelpa er ikkje tilsette av kommunen, og kommunen har inga påverknad på dei råda som blir gitt.

**Teieplikt og personvern**

Advokatane/rettshjelparane i Førstelinerettshjelpa har teieplikt. Dette gjeld òg andsynes kommunen.

Også kommunen sine tilsette har teieplikt om det dei måtte få kjennskap til om dei personane som gjer bruk av Førstelinerettshjelpa.

Ved å venda deg til Førstelinerettshjelpa samtykkar du til at advokaten/rettshjelparen behandlar frivillig gitte personopplysingar. Advokaten/rettshjelparen er behandlingsansvarleg for personopplysingane, og behandlinga vil skje i samsvar med personopplysingslova.

**Ansvar, klage og tilsyn**

Advokatane/rettshjelparane i Førstelinerettshjelpa er ansvarlege som ved ordinære advokat-/rettshjelparoppdrag for dei råda som blir gitt.

Advokatar er bundne av Reglar for god advokatskikk. Brot på desse kan påklagast til Advokatforeininga si disiplinærordning. Klagen må verta framsett seinast seks månader etter at klagaren vart kjend med, eller burde ha vorte kjend med, det tilhøvet klagen byggjer på. Du kan få meir informasjon om klageordninga ved å venda deg til Advokatforeininga. Rettshjelparar er ikkje omfatta av denne klageordninga.